

**REGIONALT SAMARBEIDSORGAN FOR FORSKING OG INNOVASJON**

<b>Dato</b>	20. april 2017 kl 10:30 – 14:30
<b>Stad</b>	Clarion Hotel Bergen Airport
<b>Til stades</b>	Baard-Christian Schem, Helse Vest RHF, leiar Clara Gram Gjesdal, Helse Bergen HF Eyvind Rødahl, Universitetet i Bergen (sak 1 og 2, vara for Nina Langeland) Gro Anita Fonnes Flaten, Høgskulen på Vestlandet (vara for Berit Rokne) Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF Jarle Eid, Universitetet i Bergen Marit Boyesen, Universitetet i Stavanger Marit Solheim, Helse Førde HF Robert Bjerknes, Universitetet i Bergen (vara for Dag Rune Olsen) Svein Skeie, Helse Stavanger HF Hilde Jerkø, Forskningsrådet, observatør Ida Kristine Sangnes, Haraldsplass Diakonale Sykehus, observatør (vara for Petter Thornam) Ernst Omenaaas, sekretariatet Nina Ånensen, sekretariatet Sølvi Lerfald, sekretariatet
<b>Forfall</b>	Berit Rokne, Høgskulen på Vestlandet Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen Linn Bæra, Brukarrepresentant, observatør Nina Langeland, Universitetet i Bergen Petter Thornam, Haraldsplass Diakonale Sykehus, observatør

**Sak 01/2017 Godkjenning av saksliste**

Det var ingen innvendingar mot innkalling og saksliste.

**Vedtak**

- Innkalling og saksliste blei godkjent

**Sak 02/2017 Konstituering av nytt samarbeidsorgan**

Det er etablert to nye samarbeidsorgan mellom Helse Vest og universiteta og høgskulane i regionen, eitt for forsking og innovasjon og eitt for utdanning. Samarbeidsorgana er etablert på bakgrunn av instruks frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF datert 24. mai 2013. Styret i Helse Vest RHF vedtok etablering av samarbeidsorgana i desember 2016 og er formelt oppretta frå 01. april 2017. Samarbeidsorgana får felles sekretariat. Det skal arrangerast eit felles møte mellom dei to samarbeidsorgana per år.

Baard-Christian Schem gjekk gjennom bakgrunn og mandat for samarbeidsorganet for forsking og innovasjon. Samarbeidsorganet blir leia av Helse Vest og har fem representantar frå Helse Vest/føretaka (inkludert leiar), tre representantar frå Universitetet i Bergen, ein representant frå Universitetet i Stavanger og ein

representant frå Høgskulen på Vestlandet. Forskingsrådet, dei private/ideelle institusjonane og brukarrepresentant møter som observatørar.

Samarbeidsorganet skal drøfta saker av felles interesse. Kvar av partane plikter å bringe saker av felles interesse opp i samarbeidsorganet.

Samarbeidsorganet har ein rådgjevande funksjon for dei sluttande organ i institusjonane i saker som gjeld forsking, innovasjon og utdanning.

Samarbeidsorganet for forsking og innovasjon skal mellom anna:

- innstille til styret i Helse Vest om tildeling av statlege øyremerka tilskot til forsking
- utarbeide forslag til felles regional forskingsstrategi på samhandlingsområda
- arrangere forskingskonferanse
- dele ut forskingsprisar

Samarbeidsavtale mellom institusjonane vil slutførast snarast. Det står igjen eit punkt om eventuell klageinstans. Dette har vore diskutert med Helse- og omsorgsdepartementet og departementet ønskjer i utgangspunktet at det ikkje skal vere tilgang til å klage til departement.

Det blei peika på at avtalen også bør omtala vararepresentantar for medlemmene i samarbeidsorganet. Det bør vera oppnemnt faste vararepresentantar for å sikra kontinuitet.

Det er utarbeida eit forslag til logo for samarbeidsorganet som inneheld logoar for alle dei representerte institusjonane. Institusjonane må godkjenna bruk av deira logo som del av logoen til samarbeidsorganet.

Følgjande møteplan er sett for 2017:

- 19. juni
- 21. september
- 24. november

I tillegg bli den årlege Forskingskonferansen arrangert på Solstrand 26.-27. oktober.

#### Vedtak

- Regionalt samarbeidsorgan for forsking og innovasjon er konstituert
- Institusjonane må godkjenne bruk av eigen logo som del av logoen til samarbeidsorganet
- Institusjonane må melde inn faste vararepresentantar

**Sak 03/2017 Gjennomgang av forskingsstrategi**

Det nåværende regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger utarbeida forskingsstrategi for 2016-2019. Det er lagt opp til ein årleg gjennomgang av strategien for å vurdere kva område som skal prioriterast i komande år og eventuelt vurdere behov for revisjon.

Samarbeidsorganet har no endra samansetting og ansvarsområde og det kan vera behov for revisjon av strategien som følgje av dette. Måla i strategien blei gjennomgått.

Mål 1 Forskinga i Helse Vest skal vere av høg kvalitet og til nytte for pasienten og tenesta

Moment frå diskusjonen:

- Nytte og kvalitet er frå 2016 innført som kriterium og blir vekta likt i vurderinga av søknader om forskingsmidlar
- Det er vanskeleg å vurdere nytte og samanlikne dette med vitskapleg kvalitet. Det bør vurderast korleis ein kan instruera vurderingskomiteane i praksis av nyttekriteriene.
- Samarbeidsorganet bør ha ein dialog med kommunikasjonsavdelingane i institusjonane for å vurdere aktuelle kommunikasjons- og formidlingstiltak
- Kommunikasjonstiltak bør ha som ambisjon å framstille prosjekt i heile bredda. Gjere synleg regionale, multidisiplinære, tverrfaglege og tverrasektorielle samarbeid.
- Formulera ei forventing om at prosjektleiar med midlar frå Helse Vest bidreg til formidlingstiltak
- Bør diskutere krav om open access publisering

Mål 2 Forskinga i regionen skal vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktig

Moment frå diskusjonen:

- Det er implementert eit insentivprogram for ekstern forskingsfinansiering
- Samarbeidsorganet må diskutere kor stor del av ramma for dei frie forskingsmidlane som skal nyttast til utdanningsstillingar
- Felles insentivordningar og administrative funksjonar mellom føretak og universitet skal diskuterast i samanheng med oppfølging av Husebekk-rapporten

Mål 3 Brukarmedverknad i forsking

Moment frå diskusjonen:

- e-Læringsprogram for brukarmedverknad er sett på prioriteringslista til Helse Vest IKT. Skal utviklast i 2017.

- Nettside om brukarmedverknad skal vidareutviklast framover.
- Harmonisering mellom føretak og UH-institusjonane kan ikkje skje i kraft av samarbeidsorganet. Det føregår prosessar for dette på nasjonalt nivå.
- Det må arbeidast for godt samarbeid med brukarutvala. Rekruttering av kompetente brukarar må skje i samband med desse.

#### Mål 4 Samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale forskingsaktørar

Moment frå diskusjonen:

- Det er behov for å oppdatere det regionale utstyrssregisteret. Det bør vere eit enklare register enn det eksisterande og det bør berre inkludere utstyr av ein viss storleik/verdi. Fokus bør vere funksjon og metode, ikkje produsent og serienummer slik at det blir mindre krevjande å halde oppdatert.
- Eit nasjonalt register over infrastruktur har vore drøfta. Forskningsrådet har oversikt over nasjonale infrastrukturar dei finansierer gjennom Nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur (INFRASTRUKTUR).
- Det er gjennom INFRASTRUKTUR etablert ein nasjonal dialogarena for infrastrukturar.
- Viktig å stimulera til samarbeid mellom alle føretaka, inkludert samarbeid mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.
- Må diskutere tiltak for auka samarbeid
- For auka nasjonalt og internasjonalt samarbeid er det viktig å bidra til god kvalitet i forskingsmiljøa. Samarbeidsorganet må bidra til å verne om dei frie forskingsmidlane for å sikre kvalitet. Viktig med insentiv og støtte for å posisjonere for EU-midlar.

#### Overordna diskusjon

- Strategien omtaler i dag føretak og universitet. Det bør gjerast ei kosmetisk endring i ordlyd i strategien slik at høgskulane også blir nemnt.
- Det bør diskuterast korleis ein skal forstå «helseforskning». Det er ei aukande satsing på helse innan utradisjonelle fagfelt, til dømes teknologiske fag, som i liten grad blir spegla i strategien.
- Samanheng mellom forsking og innovasjon bør bli spegla i strategien

#### Vedtak

- Kommunikasjonsavdelingane i institusjonane skal inviterast til eit møte i samarbeidsorganet for å diskutera kommunikasjonstiltak
- Kontraktar for forskingsmidlar skal inkludere ein formulering om at prosjektleiarar med midlar frå Helse Vest er forventa å bidra til kommunikasjonstiltak ved behov.
- Tiltak knytt til utlysing av dei frie forskingsmidlane skal diskuterast på møte i samarbeidsorganet i juni:

- Vurderingskriterier
- Del av midlar til utdanningsstillingar
- Open access publisering
- Korleis strategien skal spegla samanheng mellom forsking og innovasjon skal diskuterast på møte i samarbeidsorganet i juni

**Sak 04/2017 Samarbeidsområder mellom sektorane – jf. Oppdragsdokument**

Rapporten «Samordning mellom universiteter og helseforetak» kjem med anbefalingar for betra samarbeid på tvers av sektorar knytt til seks tematiske område:

- Eierstruktur og samarbeidsarenaer
- Areal for forskning og utdanning
- Forskningsfinansiering
- Administrative rutiner og regelverk
- Forskningsinfrastruktur
- Utdanning

Rapporten skal følgjas opp av aktørane. Det er oppretta eit overordna nasjonalt samarbeidsforum der dei administrerande direktørane for dei regionale helseføretaka og rektorane for dei fire universiteta med medisinske fakultet møter. Helse Vest og Universitetet i Bergen har fått i oppdrag frå sine respektive eigardepartement å sjå på korleis dei i samarbeid med andre relevante aktørar kan leggja til rette for betre samarbeid på tvers av sektorane.

Helse Vest og Universitetet i Bergen må følgje opp rapporten i sin heilskap, men oppfattar likevel at det er føremålstenleg at det blir oppretta ei arbeidsgruppe under samarbeidsorganet som følgjer opp anbefalingar som krev felles innsats på tvers av aktørar. Anbefalingar knytt til utdanning bør følgjast opp av samarbeidsorganet for utdanning, men arbeidsgruppa bør ut over det sjølv identifisera kva anbefalingar dei skal prioritera.

Institusjonane må mælda inn representantar til arbeidsgruppa. Det bør vere representasjon på høgt leiarnivå (nivå 2).

**Vedtak**

- Helse Vest tar initiativ til å sette ned ei arbeidsgruppe som skal følgja opp Husebekk-rapporten. Arbeidsgruppa skal ha følgjande samansettnad:
  - 1 leiar frå Helse Vest
  - 1 nestleiar frå Universitetet i Bergen
  - 1 representant frå Helse Bergen
  - 1 representant frå Helse Stavanger
  - 1 representant frå eitt av de mindre føretaka
  - 1 representant frå Universitetet i Bergen

- 1 representant frå Universitetet i Stavanger
- 1 representant frå Høgskulen på Vestlandet

Dei mindre føretaka må sjølv bli einige om ein representant.

- Gruppa må sjølv identifisera kva anbefalingar i rapporten dei skal prioritera.  
Leiar presenterer dette på møte i samarbeidsorganet i juni.

#### Sak 05/2017 Orienteringssaker

1. Oppretting av «Kommunenes strategiske forskningsorgan» (KSF).

KSF er oppretta for ein interimperiode frå våren 2017 og ut 2018. KSF rapporterer i interimperioden til HelseOmsorg21-rådet. KS, Universitets- og høgskolerådet, kommunane, UH-sektor, Folkehelseinstituttet og ein brukar skal vera representert. Opgåvane vil vere å ivareta definerte forskings-, -innovasjons- og utdanningsbehov i kommunal sektor, dekke kunnskapssvake område, koordinere dei regionale samarbeidsorgana, og stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid på område som har tyding for kommunale helse- og omsorgstenester.

2. Nasjonal fagstrategisk enhet i helse- og sosialfag (NFEHS) skal utarbeida felles innhald i dei helsefaglege profesjonsutdanningane. Rører ved alle 19 profesjonsutdanningar og alle lærestader. Jarle Eid sit i NFEHS og vil orientere samarbeidsorganet etter kvart som arbeidet går fram.

#### Sak 06/2017 Eventuelt

1. Det blei meldt ynskje om å diskutere behov for å gjøre offentleg tilgjengeleg alle saksdokument som blir handsama i samarbeidsorganet. Saka blir sett opp på neste møte i samarbeidsorganet.

**Neste møte i Samarbeidsorganet blir mandag 19. juni kl 10:30 – 14:30 på Clarion Hotel Bergen  
Airport**